

# Den gode replikken

Ole Arnold Hole (1923-2006) var frå Knutgarden på Hole og gjekk mellom kjenningar under namnet "Knut-Ole". Han var son til Lars og Thea Hole. Faren, "Knut-Lars" var mellom dei fyrste leiarane i Velledalen Idrottslag.

**Høgtid i gutesinn.** Ole var idrettsinteressert. Han deltok aktivt i løp (særleg stafettar), langrenn (KM-vinnar i 52) og skyting i yngre år. Han var ungkar og hadde god tid til å prate med gutahynane som voks opp i nærmiljøet hans. Hans fremste hobbyar var jakt og fiske, og særleg på fiskerifronten sette han spor etter seg. Kort sagt; Ole var den beste fiskaren, uansett fangstmetode, vi nokon gong hadde sett i aksjon. Det var høgtid i eit gutesinn etter ein tur i elva med fangstmannen Ole. Når han dukka under, berre iført den allsidige kombibuxsa\*, vart store barneauge vitne til blankfiskens fortapelse på nært hald. Ole likte det, men han gjorde det ikkje ofte. Kanskje 1-2 gonger i året.

**Peisfull ta doping.** Ole var samfunns- og idrettsinteressert også i eldre år. Han heldt seg godt orientert om det som rørte seg på idrettsfronten, og med sitt frodige språk kommenterte han hendingar frå lokal og internasjonal idrett med ein snert ein berre kunne misunne han: -Nei, sykkel ser ikkje ej på lenger. Heile syklingja e pilrøta. Du haure vel om dinnja danskjin so datt steindaude ta sykkelsæta her om da`n. Han va sikkert peisfulle ta doping.

**Fjølga kneleane.** Nokre dagar etter at Nils Terje Skylstad hadde delteke i Nord-Europas tøffaste motbakkeløp, "Skåla 1848 meter rett opp", traff eg "Knut-Ole" i Hole-krysset der han hadde for vane å slå av ein prat med kjende. Hans måte å kommentere Nils sitt motbakkeløp var slik:

-Ja, ej haure han fekk fjølga kneleane sine han "Hau-Nils" me i helja.

Fekk han vitjing på garden av ein traktorseljar var hans måte å fortelje dette vidare på slik: -Trur`kje du det det kom ei ballape inna Eik-maskin i Ørsta og skulle selje meg traktor då i går.

Eller om underteikna hadde fått 11 rette i tipping, så ville Ole fortalt dette vidare om lag slik:

-Trur`kje du det dinnja pøytå fram i Ola (Olagarden) sleiva inn en 11-ar då i helja.

**Magnar ne på Fet.** Det var reine ord for pengane med han "Knut -Ole". Der vart ikkje meiningane pakka inn i bomull. Han hadde lite til overs for personar som jobba i NRK på 70- og 80-talet. Desse vart stort sett omtala som reinhekla kommunistar og var lavt rangerte til liks med naturvernarar, økologar og politikarar. No hadde eg mest gløymt at han var ein habil hesteskokastar, og at han faktisk betydde ein heil del for at hesteskokasting vart konkurranseidrett på slutten av 70-talet. Det var Knut-tunet som var arena for sundagskastinga på Hole, og det var der kimen vart sådd.

Ein gong utfordra eg Ole til kåre beste idrettsutøvaren i Velledalen IL, sett frå hans ståstad. Han tenkte nokre sekund før han svara:

- Ej held en knapp på nå Magnar ne på Fet. Mest før han va so allsidige Han va god på skjine, han sprang gødt og va en glimrande fotballspelar.

\*kombibukse – kombinert bade- og underbukse. Vart brukt i staden for den tradisjonelle underbuksa, slik at ein lett kunne ry av seg langbuksa og hoppe i elva omgåande om ein såg ein blankfisk. Viktig at kombibuksa hadde solid strekk slik at den ikkje glei ned på knea når den vart våt. Etter ”badet” tok ein anten av seg bukka, eller let den tørke på kroppen. OBS!! Siste alternativet kunne føre til uroleg blære.

ATLE HOLE